



Sveinung M. Pile søker om skjenkeløyve for Festidalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Festidalen ved Sveinung Mæland Pile har no søkt kommunen om skjenkeløyve under Festidalen 2007 og Yngve M. Holmsen skal vera skjenkjeansvarleg.**

Festivalleiinga ynskjer skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 2, som er frå 4,7 til 22 volumprosent (øl og vin) og skjenkinga skal finna stad frå klokka 12.00 til 01.00 dei to festivaldagane, som er fredag 3. og laurdag 4. august.

Fredag blir det 16 års aldersgrense, men med alkoholservering kun inne på eige område kor dei under 18 ikkje har tilkomst. Det vil heller ikkje vera tillatt å flytte alkohol frå skjenkjeområdet og inn på området med 16 års aldersgrense.

Laurdag blir det 18 års aldersgrense, men med anledning til å servere alkohol under dagtidarrangementet.

Pile opplyser i søknaden at dei ventar 2.000 på Festidalen dette året. Det vil i så fall vera dobbelt så mange som i fjor.

Han opplyser også at det skal serverast mat under rockefestivalen.

Av Ola Matti Mathisen